

Vedlegg 1

LOVSPEIL GAMAL OG NY JORDLOV

NY JORDLOV

- § 1
- § 2
- § 3 fyrste ledd
andre ledd
- § 4
- § 5 fyrste ledd
andre ledd
tredje ledd
- § 6
- § 7
- § 8
- § 9
- § 10
- § 11 NY
- § 12
- § 13, fyrste ledd
andre ledd
tredje ledd
- § 14
- § 15
- § 16
- § 17
- § 18 NY
- § 19
- § 20 NY
- § 21

GML. JORDLOV

- § 1, fyrste ledd
- § 2, fyrste og andre ledd
- § 3 og § 8, andre punktum
- § 3 og § 8, fyrste punktum
- § 3 a
- § 4, fyrste ledd
- § 5
- § 4, andre ledd
- § 6
- § 4 a
- § 53
- § 54, fyrste og femte ledd andre
punktum
- Jordøydeleggingslova, §§ 1, 5
og 2, fyrste ledd
- § 55
- § 20, fyrste ledd
- § 23, fyrste ledd fyrste punktum
- § 23, andre ledd
- § 20, andre ledd
- § 26
- § 22
- § 44
- § 54, femte ledd
- § 54, sjette ledd fyrste punktum
og jordøydeleggingslova § 8

Vedlegg 2

Kort oversikt over endringer i lovtekst, lov av 12. mai 1995, ny jordlov m.m.

I oppsettet ved siden av, er endringene i forhold til tidligere lovtekst markert. Tekst i kursiv er ny. Flytting av bestemmelser og opphevinger er markert i denne spalten.

Jordloven

§ 1.

Tilsvarende § 1 første ledd i 1955-loven. § 1 andre og tredje ledd i 1955-loven oppheves.

Endringen til «arealressurser» og «bruk» er rent språklige endringer.

Andre og tredje ledd erstatter målet for bruksstørrelse som følger av andre og tredje ledd i jordloven av 1955.

Viktige endringer i forhold til jordloven av 1955 er:

1. Inntektsmålet er borte, ønskelig bruksstruktur bygger på hva som er tjenlig ut fra samfunnsutviklinga i området.
2. Ulike vurderingsmoment som bosetting, sysselsetting m.m. som etter 1955-loven trekkes inn i skjønnet i den enkelte sak er gjort synlige i lovtekst.
3. Hensynet til miljø- og kulturlandskap er synlig i teksten.

Likt med dagens lov: Teksten bygger på en forutsetning om at brukene bør styrkes.

Det er redegjort for momentene i lovteksten i et eget rundskriv, rundskriv M- 35/95.

§ 2.

Siste ledd i 1955-loven er opphevet. Bestemmelsen gjelder eiendommer som eies av opplysningsvesenets fond.

Lov om jord (jordlova).

Kap. I Føremålet med lova.

§ 1. Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (*arealressursane*), kan verte *brukt* på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltinga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.

Kap. II Virkeområdet for lova.

§ 2. Virkeområde

Denne lova gjeld for heile landet. Føresegnene i §§ 9 og 12 gjeld likevel ikkje for område som:

- a) I reguleringsplan eller utbyggingsplan etter plan- og bygningslova § 28-2 er lagt ut til anna føremål enn landbruk og fareområde.
- b) I bindande arealdel av kommuneplan er lagt ut til
 1. byggeområde eller område for råstoffutvinning, eller
 2. landbruks-, natur- og friluftsområde der grunnutnyttinga er i samsvar med føresegn om spreidd utbygging som krev at det ligg føre utbyggingsplan før deling og utbygging kan skje.

Ved vedtak eller godkjenning av kommuneplan, reguleringsplan eller utbyggingsplan kan det gjerast vedtak av planmyndighetene om at føresegnene i §§ 9 og 12 skal gjelde for planområda eller avgrensa deler av dei.

§ 3.

1955-lovens §§ 3 og 8 er samlet i en bestemmelse.

Opphevelse:

Lederen av fylkeslandbruksstyret kan ikke lenger fatte avgjørelse i hastesaker. Hastebehovet dekkes gjennom muligheten for delegasjon til fylkesmannen.

§ 4.

Identisk med tidligere lov § 3a, vedtatt 11. juni 1993.

§ 5.

Første ledd tilsvarende lov av 1955 § 4, første ledd.

Andre ledd tilsvarende lov av 1955 § 5, første og andre ledd.

Tredje ledd tilsvarende lov av 1955 § 4, andre ledd. I tredje ledd siste punktum har en samlet § 4 siste punktum og § 5, tredje ledd. I tillegg har en tatt inn henvisning til kvoteringsregelen i kommuneloven § 37.

Kap.III Landbruksmyndighet i kommune og fylke.

§ 3. *Handsaming av landbrukssaker*

Kommunen skal ha ansvaret for handsaminga av landbrukssaker. *Departementet* kan gi nærare føresegner om handsaming av statlege landbrukssaker. *Departementet* kan gi kommunen myndighet til å gi fråsegner og ta avgjerd i visse saker.

I fylket høyrer landbrukssakene under fylkesmannen og fylkeslandbruksstyret. *Departementet* kan gi føresegner om sakshandsaminga i fylkeslandbruksstyret, mellom anna om intern arbeidsdeling slik at styret kan overlata til *fylkesmannen* å gi fråsegn og ta avgjerd på vegne av styret i visse saker.

§ 4. *Fagkompetanse*

I kvar kommune skal administrasjonen ha nødvendig fagkompetanse i jordbruk og skogbruk. *Departementet* kan gjera unntak.

Kommunen kan bestemma at nødvendig fagkompetanse i jordbruk og skogbruk skal sikrast ved samarbeid med andre kommunar.

Departementet skal gi føresegner om nødvendig fagkompetanse i jordbruk og skogbruk.

§ 5. *Fylkeslandbruksstyret*

I kvart fylke skal det vera eit statleg fylkeslandbruksstyre på sju medlemmer med varamedlemmer.

Valet av fylkeslandbruksstyret skal vera kunngjort med ein frist på minst fire veker. Distriktslag av Norges Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norges Skogeierforbund og Fellesforbundet har kvar rett til å gjera framlegg om tre medlemmer med varamedlemmer.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget for den fylkeskommunale valperioden. I Oslo vel bystyret fylkeslandbruksstyre. Leiar og nestleiar vert valde serskild. Valet skal gå føre seg som høvetalsval om nokon medlem av fylkestinget krev det. Føresegnene i kommunelova §§ 14, 15, 36 og 37 gjeld tilsvarende.

§ 6.

Nytt:

Fylkesmannen er tatt inn sammen med fylkeslandbruksstyret og kommunen.

§ 7.

Tilsvarer tidligere lov § 4a. Vedtatt 11. juni 1993.

Vern av dyrka og dyrkbar jord

§ 8.

Tilsvarer lov av 1955 § 53.

Viktig nytt:

1. Kravet til å holde arealet i hevd knytter seg til areal som kan gi grunnlag for lønsam drift.
2. Tvungen bortleie skal etter § 53 ikke være på mindre enn 5 år. Nedre grense er fjernet, men det er satt maks grense på 10 år, se tredje ledd.
3. Hjemmel for pålegg om skogplanting eller kulturlandskapstiltak.
4. Siste ledd gir hjemmel for å sette vilkår.

Endring i andre ledd siste punktum. Lønsam drift er fjernet.

§ 6. Arbeidsoppgåver

På vegne av staten skal *fylkesmannen*, fylkeslandbruksstyret og kommunen ta opp arbeidet med dei føremåla som er nemnde i § 1. Fylkeslandbruksstyret, *fylkesmannen* og kommunen skal prøva å få rimelege salstilbod på eigedom, hjelpa til med å få i stand kjøp og arbeide ut planer for korleis jorda skal nyttast. Er det ikkje råd å få eigedom ved friviljug kjøp, kan retten til forkjøp etter lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) og retten til oreigning etter kap. VI i denne lova nyttast.

Elles skal *fylkesmannen*, fylkeslandbruksstyret og kommunen hjelpa til med førebuing av grunnutnyttingsplaner som vedkjem landbruket etter plan- og bygningslova og gjera det arbeidet som dei vert pålagde ved lov eller ved vedtak av *departementet*.

§ 7. Bygdeutvikling

Departementet kan påleggja fylkeskommunen å avgjera søknad om pengar avsett til bygdeutvikling, og gi nærare føresegner om fylkeskommunen si skjønnsutøving i desse sakene.

Departementet kan fastsetja at fylkesmannen skal førebu sakene, og kven som skal vera klageinstans.

Kap. IV Vern av dyrka og dyrkbar jord m.v.

§ 8. Vern av dyrka jord

All dyrka jord som kan gi grunnlag for lønsam drift skal haldast i hevd.

Kommunen og fylkesmannen kan leggja ned forbod mot tiltak som kan føra til at dyrka jord vert vanhevd. Kommunen skal gi tilråding om tiltak som bør setjast i verk dersom jord ligg vanhevd eller unytta.

Finn *departementet* at dyrka jord er vanhevd eller ligg unytta, kan det gi eigaren eller leigaren pålegg om kva tiltak han skal setje i verk for at jorda etter tilhøva kan gi lønsam drift. Eigaren kan og påleggjast å leiga jorda bort for ei tid av inntil 10 år.

For dyrka jord som ikkje kan gi grunnlag for lønsam drift, kan *departementet* gi pålegg om at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

En del av den gamle teksten i § 53 er flyttet, uten at dette innebærer endringer. § 8 *andre ledd* starter med dagens § 53, niende ledd. I andre punktum nyttes dagens andre ledd. *Tredje ledd* tilsvare dagens tredje ledd, pluss tiende ledd.

Femte ledd tilsvare dagens sjette ledd.

Noe av 1955-lovens bestemmelser er *opphøvet*. Registreringsplikten etter 1955-lovens andre ledd er tatt bort, og finnes nå i forskrift. Fjerde og femte ledd er *opphøvet*. Det samme gjelder sjette ledd nr. 1, og åttende ledd.

§ 9.

Tilsvare 1955-loven § 54.

Viktig nytt:

1. I andre ledd er det tatt inn en rekke vurderingsmoment som det skal tas hensyn til ved vurderingen av dispensasjonssøknader. Noen av momentene tas det i dag hensyn til under skjønnsutøvelsen. Hensynet til godkjente planer og hensynet til kulturlandskapet er imidlertid nye moment.
2. Foreldelse av dispensasjonen forkortes fra 5 til 3 år.

En annen endring ved at det i første ledd skilles mellom dyrka og dyrkbar jord.

Straffebestemmelsen er flyttet til egen bestemmelse, se § 21. Kommunens tilsynsansvar i § 54, fjerde ledd er stilt opp som egen bestemmelse, jf. § 19.

Opphevelser:

§ 54, andre og tredje ledd er *opphøvet*.

Praktiseringen av bestemmelsen er behandlet i rundskriv M-34/95 om §§ 9 og 12.

§ 10.

Erstatter lov til vern mot jordødelegging, lov av 18. mars 1949.

Første punktum erstatter loven § 1.

Andre punktum erstatter § 2, og tredje punktum erstatter § 5.

Forslaget innebærer at resten av loven *opphøves*.

Om pålegg ikkje er ettercome når fristen er ute, kan *departementet* gjera avtale om bortleige av jorda for ei tid av inntil 10 år eller treffa vedtak om oreigning av deler eller heile eidedomen for å overdra den til andre.

Pålegg kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. *Dyrkbar jord* må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. *Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon.* Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang *innan tre år* etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

§ 10. Uttak av myr

Når nokon tek ut myr til torvprodukt eller anna teknisk føremål, skal det alltid liggja att eit forsvarleg torv- eller jordlag. Myrareala skal setjast i stand att ut frå omsynet til etterbruken av arealet til landbruksføremål og naturvern. Dersom ein bruksrettshavar til torvuttak meiner føresegnene fører med seg att retten hans vert minka urimeleg mykje, kan han leggje spørsmålet om endring i brukstilhøva fram for jordskifteretten, jf. kap. 6 i jordskiftelova.

§ 11. Drift av jordbruksareal, nydyrking og driftsvegar

For å sikra miljøforsvarleg drift av

§ 11.

Nytt virkemiddel.

Første ledd har likhetpunkter med forurensingsloven. Andre ledd har likhetpunkter med naturvernloven. Tredje ledd har likhetpunkter med regler i plan- og bygningsloven.

Forskrifter til denne bestemmelsen er foreløpig ikke utarbeidet.

Deling

§ 12.

Tilsvarer 1955-loven § 55.

Viktig nytt:

1. Ved dispensasjonssøknaden skal det tas hensyn til godkjente planer og til kulturlandskapet.
2. Ikke krav om 5-års eiertid for at flere eiendommer skal anses som en driftsenhet.
3. Ideell andel i sameie kan også høre til driftsenheten.
4. Hjemmel for å stille vilkår.

Andre endringer:

1. Kriteriene for når samtykke til fradeling kan gis er endret. Det kan gis delingstillatelse dersom det foreligger samfunnsinteresser av stor vekt, eller dersom det er forsvarlig ut fra hensynet til den avkasting eiendommen kan gi.
2. Ved dispensasjonssøknad skal det tas hensyn til om delingen fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.

Første ledd består av jordloven av 1955 § 55 første ledd første og andre punktum. Dispensasjonsadgangen er flyttet til et eget andre ledd. Fjerde ledd tilsvarer § 55 andre ledd. Femte ledd tilsvarer § 55 første ledd siste punktum samt § 55 tredje ledd.

Praktiseringen av delingsbestemmelsen er behandlet i eget rundskriv M-34/95 om §§ 9 og 12.

jordbruksareal, jf. § 1 tredje ledd, kan departementet gi føresegner om drifta. Føresegnene kan mellom anna ta sikte på å hindra erosjon og regulera bruk og lagring av gjødsel og andre innsatsvarer i produksjonen.

For å unngå skade på natur- og kulturlandskap, kan departementet gi føresegner for nydyrking. I føresegnene kan det fastsetjast forbod mot nydyrking og at nydyrking berre kan skje i samsvar med plan godkjend av departementet.

Departementet kan gi føresegner om planlegging, godkjenning og bygging av vegar for landbruksføremål.

Kap. V Deling av landbrukseigedom.

§ 12. Deling

Eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk kan ikkje delast utan samtykke frå departementet. *Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.* Forbodet mot deling gjeld òg forpacting, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp av eigaren (utleigaren).

Departementet kan gi samtykke dersom samfunnsinteresser av stor vekt taler for det, eller deling er forsvarleg ut frå omsynet til den avkasting eigedomen kan gi. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det skal òg takast omsyn til godkjende planer som ligg føre for arealbruken etter plan- og bygningslova og omsynet til kulturlandskapet.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja.

Føresegnene gjeld utan omsyn til om ein eigedom har fleire registernemningar når eigedomen eller ideell del av han er på same eigarhand og etter departementet sitt skjønn må reknast som ei driftseining.

Samtykke til deling er ikkje nødvendig når særskild registrert del av eigedom vert seld på tvangssal. Det same gjeld dersom det i samband med offentlig jordskifte er nødvendig å dela eigedom.

Oreigning og skjønn.

I dette kapitlet er det gjort omfattende redigeringer. De reglene som er opphevet kommenteres i tilknytning til overgangsreglene.

§ 13.

§ 13 gir hjemmel for ekspropriasjon.

Første ledd tilsvare lov av 1955 § 20 første ledd. Endring: Ekspropriasjon til opprettelse av et eget bruk kan ikke lenger skje. Det kan bare eksproprieres som tillegg til eksisterende jord- og skogbrukseiendom.

Andre ledd tilsvare lov av 1955 § 23 første ledd.

Tredje ledd tilsvare § 23 andre ledd. Det er gjort endring i denne bestemmelsen, slik at § 13 tredje ledd er identisk med oreigningslova § 8.

§ 14.

Gir hjemmel for ekspropriasjon av husmannsplasser m.m. Tilsvare lov av 1955 § 20 andre ledd.

Bate er endret til føremon.

Forutsetningene i andre ledd er omformulert for å gi bedre språk.

§ 15.

Tilsvare tidligere lov § 26.

Endringene er av språklig art, samt omarbeiding til delegasjonssystemet som ble forutsatt i Ot.prp. nr. 71 (1992-93).

Dersom deling ikkje er rekvirert innan tre år etter at samtykke til deling er gitt, fell samtykket bort.

Kap. VI Oreigning og skjønn

§ 13. Oreigning

Dersom ein ikkje kan nå dei mål som er, nemnde i § 1 ved frivillig kjøp eller forkjøp, kan departementet gjera vedtak om oreigning av areal og rettar som tillegg til eksisterande jord- og skogbrukseigedom.

Når jord vert oreigna, kan ein ta med jordvidder, bygningar, og andre innretningar som naturleg høyrer saman med det som vert oreigna, jamvel om føremålet ikkje gjer det nødvendig at oreigninga får eit slikt omfang.

Kjem eigaren eller rettshavaren med krav om det, kan departementet fastsetja at oreigningsinngrepet òg skal gjelda grunn, bygning, rettar og anna som kom til å missa mykje av verdet for eigaren eller rettshavaren, om inngrepet vart sett i verk. I slike høve kan det likeeins verta fastsett at oreignaren skal løysa inn heile eigedomen jamvel om han berre har gjort krav på ein bruksrett eller annan særleg rett i eigedomen.

§ 14. Oreigning av husmannsbruk m.m.

Utan omsyn til føremålet i § 1 kan departementet oreigna husmanns-, bygsel- eller leiglendingsbruk til føremon for leigaren, barna eller barnebarna hans. Det same gjeld bruk som no er leigd på andre vilkår, men som før har vore leigd til leigaren, foreldra eller besteforeldra hans på husmanns-, bygsel- eller leiglendingsvilkår.

Det er eit vilkår for oreigning etter fyrste ledd at bruket anten må vere bygd eller rudd av leigaren eller slekta hans, eller brukt av dei i minst tretti år før 1. januar 1975. Vidare er det eit vilkår for oreigning at søkjaren vil drive bruket som landbruk og bu der.

§ 15. Vilkår i oreigningssaker

Når departementet tek avgjerd om oreigning, kan det setjast slike vilkår som er nødvendige av omsyn til den det vert oreigna frå, eller til almennyttan av tiltaket.

Dersom den som staten overdreg den oreigna eigedomen eller retten til, ikkje oppfyller vilkåra om bestemt bruk innan fastsett frist, kan departementet krevja

eigedomen eller retten *attende* for å overdra den til ein annan som staten etter denne lova kunne ha nytta oreigningsretten til *føremøn* for.

Nyttar ikkje staten denne retten innan tre månader etter at fristen er ute, kan den som eigedomen eller retten er oreigna frå, krevja den *attende* mot å gi frå seg det vederlaget han har fått ved oreigninga med tillegg eller frådrag for verdauk eller verdmink som nemnde i neste ledd. Kravet vert sendt til departementet med dei opplysningar som trengst.

Kjøparen som eigedomen eller retten vert teken *attende* frå, har i dei tilfelle som er nemnd i andre og tredje ledd krav på å få att kjøpesummen med tillegg eller frådrag for verdauk eller verdmink som han er årsak til.

Twist om storleiken av staten og kjøparen sitt krav vert avgjort ved skjønn.

§ 16.

Tilsvarer lov av 1955 § 22.

Endringene er av språklig art.

§ 16. *Avløyasing av bruksrettar m.m.*

Dersom det er nødvendig for at jord skal kunne nyttast så godt som *mogleg*, kan departementet *krevja at bruksrettar, servituttar og andre rettar til, i eller over fast eigedom skal avløysast*, leggjast på eller skipast om mot skadebot etter vanlege rettsreglar. Vidare kan departementet *krevja regulering av grenser mellom bruk, og under dette oreigna jord.*

§ 17.

Tilsvarer lov av 1955 § 44.

Viktig nytt:

Skjønn i oreigningssaker (unntatt husmannsplassene) holdes av jordskifteretten.

§ 17. *Skjønn*

For skjønn og takstar etter dette kapittel gjeld reglane i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker.

Skjønn etter §§ 13 og 15 siste ledd, og saker etter § 16 vert halde av jordskifteretten. I desse høve er det også jordskifteretten som held takstar og tar avgjerder som elles høyrer under skjønnnet. For førehavinga i jordskifteretten gjeld reglane i lov 21 desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a.

§ 18.

Ny.

Kap. VII Ymse føresegner

§ 18. *Føresegner om tilskot*

Etter retningslinjer fastsett av Stortinget, kan departementet fastsetja føresegner om fordeling og vilkår for utbetaling av tilskot etter jordbruksavtalen eller liknande tilskot.

§ 19.

Tilsvarende lov av 1955 § 54 femte ledd om omdisponering, men omfatter også vanhevd, «myrvern» og deling. Dette er en synliggjøring av tidligere rett, ingen realitetsendring.

§ 20.

Ny.

§ 21.

Tilsvarende tidligere lov § 54 sjette ledd første punktum, og jordødeleggingslova § 8.

Skogbruksloven § 4, fjerde ledd.

I henvisningen til jordloven, er lovens tittel endret.

Konsesjonsloven av 1974.

§ 5 første ledd nr. 1.

Endret slik at den samsvarer med språkbruken i den nye kommuneloven.

§ 19. Tilsyn

Kommunen og fylkesmannen fører tilsyn med at føresegnene i §§ 9, 10, 11 og 12 vert haldne.

§ 20. Tvangsgebyr

For å sikre at reglane i §§ 8, 9, 10, 11 og 12 eller vedtak etter desse paragrafane vert gjennomført, kan departementet påleggje den ansvarlege tvangsgebyr.

Tvangsgebyr kan fastsetjast når brot mot lova sjølv eller vedtak etter lova er oppdaga. Tvangsgebyret kan innkrevjast frå den frist departementet har sett for retting av tilhøvet. Tvangsgebyr kan og fastsetjast på førehand. Det kan fastsetjast at tvangsgebyr aukar så lenge det ulovlege tilhøvet varer ved, eller at det forfell for kvart brot.

Tvangsgebyret er tvangsgrunnlag for utlegg.

§ 21. Straff

Med bøter straffast den som forsetteleg bryt forbodet mot omdisponering i § 9, eller påbodet om å setje i stand areala i § 10.

II

Frå 1. juli 1995 er følgjande føresegnar i andre lover endra slik:

1. Lov av 21. mai 1965 om skogbruk og skogvern.

§ 4 fjerde ledd lyder:

Departementet kan gi nærmere forskrifter om fordelingen av myndighet mellom skogoppsynet og administrasjonen til å treffe avgjørelser og gi uttalelser i medhold av loven, jf. jordlova § 3, hvorefter landbrukssaker også hører under fylkesmannen.

2. Lov av 31. mai 1974 nr. 19 om konsesjon

§ 5 første ledd nr. 1 lyder:

Konsesjon er ikke nødvendig ved erverv av:

1. en enkelt boligtomt eller tomt for fritidshus, dersom tomten ikke er større enn 2 dekar og

er godkjent fradelt etter 1. januar 1977 etter plan- og bygningsloven og jordloven eller tomten ligger i området som i kommuneplan, reguleringsplan eller bebyggelsesplan etter plan- og bygningsloven er utlagt til byggeområde, og hvor tomtedeling er foretatt eller godkjent av bygningsmyndighetene.

§ 6 første ledd nr. 1.

Endring i driveplikten.

Praktiseringen av bo- og driveplikten er behandlet i rundskriv M-29/95 om bo- og driveplikt.

§ 13 første og andre ledd.

Det er ikke lenger krav om kvalifisert flertall etter kommunelova. Tilpassing til dette.

§ 14 andre ledd første punktum

Retten til å kreve skjønn er lagt til departementet, jf. oppbyggingen av delegasjonsmønstret som Stortinget tok stilling til i forbindelse med Ot.prp. nr. 71 (1992-93).

§ 6 første ledd nr. 1 lyder:

Konsesjon er ikke nødvendig når erververen er:

1. eierens ektefelle, eller er i slekt med eieren eller eierens ektefelle i rett oppstigende eller nedstigende linje eller i eierens eller ektefellens første sidelinje til og med barn av søsken. Når det gjelder jord- og skogbrukseiendommer er konsesjonsfriheten betinget av at erververen bosetter seg på eiendommen innen ett år og selv bebor og driver den i minst 5 år. *Eververen kan oppfylle driveplikten ved å leie bort jordbruksarealet som tilleggsjord til annen landbrukseiendom i minst 10 år. Slik oppfyllelse av driveplikten er betinget av at leieavtalen er skriftlig, og at den fører til driftsmessig gode løsninger. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løsninger kan følges opp som brudd på forutsetningen for konsesjonsfritaket, jf. § 24.*

§ 13 første og andre ledd lyder:

Vedtak om å nytte kommunens forkjøpsrett må være gjort innen tre måneder etter at kommunen har mottatt konsesjonssøknad eller melding etter § 19 eller 20 annet eller tredje ledd.

Vedtaket om å nytte statens forkjøpsrett må være gjort innen tre måneder etter at dokumentene er mottatt av fylkesmannen etter at saken er ferdig behandlet i kommunen.

§ 14 andre ledd første punktum lyder:

Når forkjøpsretten gjøres gjeldende for å tilgodese landbruksnæringen og kjøpesummen antas å overstige eiendommens bruksverdi som landbruk, kan både departementet og selgeren kreve at vederlaget skal fastsettes ved skjønn.

§ 21 andre ledd

Justering av lovtekst i samsvar med Ot.prp. nr. 71 (1992-93).

§ 24.

Tilsynsbestemmelsen tilpasses samme formuleringen som er valgt i ny jordlov, § 19.

Odelsloven

§ 27.

Som tidligere § 27 første og andre ledd.

Nytt tredje ledd:

Endring i driveplikten. Knytter seg bare til driveplikt etter andre ledd.

§ 21 andre ledd lyder:

Dersom kommunen ikke gjør forkjøpsretten gjeldende, sendes saken videre til *fylkesmannen*.

§ 21 tredje og fjerde ledd vert oppheva.

Tidlegare femte og sjette ledd vert nye tredje og fjerde ledd.

§ 21 sjuande ledd vert nytt femte ledd, lyder:

Kongen kan gi nærmere forskrifter som supplerer saksbehandlingsreglene i forvaltningsloven og loven her, derunder om at den ordinære saksgang skal fravikes for visse typer saker og om intern arbeidsdeling i fylkeslandbruksstyret slik at styret kan overlate *til administrasjonen* å gi uttalelse eller ta avgjerder på vegne av styret i nærmere bestemte saker.

§ 24 lyder:

Kommunen og *fylkesmannen* skal føre kontroll med at vilkår som er satt for konsesjon eller videresalg fra det offentlige av eiendom ervervet ved forkjøp blir overholdt. Melding om overtredelse eller brudd på forutsetninger skal straks sendes til departementet. Det samme gjelder dersom kommunen eller *fylkesmannen* får kjennskap til erverv som mangler nødvendig konsesjon etter denne lov.

Kongen kan bestemme at andre sakkyndige organer skal utføre gjøremålene etter denne paragraf istedenfor eller i tillegg til *fylkesmannen* eller kommunen.

3. Lov av 28. juni 1974 nr. 58 om odelsretten og åsetesretten

§ 27 lyder:

Den som tek over eigedom ved odelsløyising, har plikt til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og bu der og drive den i 10 år.

Den som elles tek over eigedom som han har odelsrett til har plikt til å busetje seg på eigedomen innan 1 år og bu på og drive den i 5 år.

Driveplikta etter andre stykket kan oppfyllest ved at jordbruksarealet vert leigd bort som tilleggsjord til annan landbruks-eigedom i minst 10 år. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er skriftleg, og at ho fører til driftsmessig gode løysingar. Avtaler som fører til driftsmessig uheldige løysingar kan følgjast opp som brot på driveplikta, jf. § 29.

§ 27 a.

Som § 27 tredje og fjerde ledd før lovendringen.

Nytt tredje ledd:

Synliggjør vurderingskriterier knyttet til boplikt og driveplikt.

Se rundskriv M-29/95 om praktiseringen av bo- og driveplikt.

Ny § 27 a lyder:

Departementet kan etter søknad gi fritak frå bu- og driveplikta etter § 27 anten heilt ut eller for ei viss tid.

Ved avgjerda skal det takast omsyn mellom anna til bruksstorleiken, avkastningsevna og hustilhøva på eigedomen. Det skal takast særskilt omsyn til kor nær *tilknytting* søkjar har til eigedomen.

Ved avgjerd av søknad om fritak frå driveplikta skal det òg takast omsyn til om det i området der eigedomen ligg er bruk for jordbruksarealet som tilleggsareal. Det må òg takast omsyn til kor viktig det er å halde det aktuelle jordbruksarealet i hevd.

Ved avgjerda av ein søknad om fritak frå buplikt kan ein ta omsyn til ønske om å styrkje og oppretthalde busetjinga i det området der eigedomen ligg.

Når det i samband med odelsløysing eller offentleg skifte blir søkt om unntak frå kravet om bu- og driveplikt, skal retten utsetje den endelege avgjerda i saka til unntaksspørsmålet er avgjort.

Jordskiftelova.

§ 2 første ledd e.

Reglene om sams tiltak etter jordlov av 1955 dekkes av jordskiftelova. Endringen innebærer oppheving av kapittel X i jordlova av 1955.

§ 5 fjerde ledd

Endringen er oppretting av en feil ved forrige lovendring.

4. Lov av 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte.

§ 2 fyrste ledd e lyder:

§ 2 fyrste ledd e

skipe slike sams tiltak som er nemnde i § 34 a og lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene § 31.

§ 5, fjerde ledd lyder:

I dei høve som § 2 første ledd bokstav c nemner, kan fylkesmannen krevje jordskifte som ledd i tiltak etter § 25 i lov om laksefisk og innlandsfisk m.v.

§ 34 a

Jf. det som er sagt under § 2.

Nytt:

Jordskifteretten gis hjemmel til å skipe sams tiltak som gjelder reindrift og grunneiere.

§ 36.

Nytt:

Jordskifteretten kan avløse rett til jernbanekryssing.

Bygdeallmenningsloven.

§ 1-2 andre ledd, henvisningen til jordloven faller bort.

Ikraftttredelse, oppheving og overgangsregler.

Første ledd gjelder *alle endringene*.

Ikraftttredelse 1. juli 1995, vedtatt i Kgl.res. 12. mai 1995.

Andre ledd gjelder *opphevingene*. I realiteten betyr dette opphevelse av innholdet

1. i jordloven av 1955

§ 1, andre og tredje ledd

§ 2, tredje ledd

§ 20, tredje ledd

§ 21

§ 24-25

§ 27-29

§ 31-43

§ 45-46

§ 53, fjerde, femte og åttende ledd samt andre ledd første punktum, sjette ledd nr. 1 og sjuende ledd tredje punktum.

2. innholdet i jordødeleggingslova §§ 3, 4 og 2 andre og tredje ledd.

3. Lov av 11 mai 1984 nr. 26 .

Dvs. overgangstiden reduseres fra 20 til 10 år.

Tredje ledd gjelder forskrifter med hjemmel i dagens jordlov. De gis hjemmel for å bli stående uendret.

Ny § 34 a lyder:

Jordskifteretten kan skipe sams tiltak i samband med utnytting og bruk av eigedom som er eller kan nyttast til jord- og skogbruk. Jordskifteretten kan òg skipe sams tiltak som gjeld tilhøva mellom reindriften og grunneigarar eller bruksrettshavarar.

§ 36 lyder:

Desse alltidvarande bruksrettane kan avløyasast: rett til veg, *herunder jernbanekryssing*, beite, slått, brønn og vassleidning, til hogst og all anna avverking i skog, til å ta brenntorv, strøtorv, lyng, mose, mold, leire, sand og stein, tang og tare, til båtopptrekk, båt- og bryggjeplass, til naust- og sjøhustomt, tørke- og opplagsplass, garn- og nothengsplass, kvernfall og vasshjul med tilhøyrande oppdemnings- og vassleidningsrettar og ferskvassfiske med unntak av lakse- og sjøaurefiske.

5. Lov av 19. juni 1992 nr 59 om bygdeallmenninger.

§ 1-2, andre ledd lyder:

a. Oppdyrking, herunder dyrking av *kulturbeite*.

III

Lovendringane gjeld frå den tid Kongen fastset.

Frå same tid held lov av 18. mars 1955 nr. 2 om tilskiping av jordbruk (jordlova), lov av 18. mars 1949 om vern mot jordødelegging og lov av 11. mai 1984 nr. 26 om endringar i jordlova, opp å gjelda.

Forskrifter fastsett med heimel i lov av 18. mars 1955 nr. 2 står ved lag til dei vert endra eller oppheva.

Lovendringane får verknad for søknader som ikkje er avgjort før lova tar til å gjelde.

Lovendringane gjeld òg brot på reglar etter lov av 18. mars 1949 og lov av 18. mars 1955 nr. 2 eller vedtak fastsett med heimel i desse lovene dersom brotet fortsetter eller oppstår etter at lova tar til å gjelde.

Dispensasjon gitt med heimel i forbodet i

Fjerde ledd gjelder søknader etter alle lovendringene. Søknader som ikke er avgjort på ikrafttredelsestidspunktet avgjøres etter de nye reglene.

Femte ledd knytter seg til tvangsgebyret i jordloven § 20.

Sjette ledd gjelder foreldelse av dispensasjoner som er gitt etter gjeldende jordlov, §§ 54 og 55.

Dispensasjonene faller bort senest 3 år etter ikrafttredelse av ny lov.

Sjuende ledd gjelder endringen i driveplikten.

Åttende ledd gjelder øvrige odelsberettigedes adgang til å kreve løsning pga. misligholdt driveplikt.

Niende ledd skyldes at kap X i jordloven er opphevet.

§ 54 i lov av 18.mars 1955 nr. 2 og delingsløyve etter same lov § 55 fell bort seinast tre år etter at lovendringane tar til å gjelde.

Odelslova § 27 nytt tredje ledd og konsesjonslova § 6 nytt fyrste ledd nr. 1 får verknad for overdragingar som skjer etter at endringane tar til å gjelde.

Dersom det er inngått leigeavtale i samsvar med odelslova § 27 nytt tredje ledd før endringane tar til å gjelde, har andre odelsrettshavarar ein frist på to år frå endringane tar til å gjelde til å kreve løysing av eigedommen etter odelslova § 40 tredje ledd jf. same lov § 28.

Jordskiftelova § 4, fjerde ledd skal gjelde for skjønn halde etter lov 18. mars 1955 nr. 2 kapittel X.

Vedlegg 3

DELEGASJON TIL KOMMUNEN, FYLKESLANDBRUKSSTYRET, FYLKESMANNEN OG STATENS LANDBRUKSBANK. FORSKRIFT OM SAKSBEHANDLING I KOMMUNEN OG OM INTERN ARBEIDSDELING MELLOM FYLKESLANDBRUKSSTYRET OG FYLKESMANNEN I SAKER ETTER LOV 31. MAI 1974 NR. 19 (KONSESJONSLOVA), LOV 28. JUNI 1974 NR. 58 (ODELSLOVA) OG LOV 12. MAI 1995 NR. 23 OM JORD (JORDLOVA).

(Gitt av Landbruksdepartementet 6. juni 1995. Delegasjonsføresegnene er gitt med heimel i kongeleg resolusjon av 13. desember 1974, kongeleg resolusjon av 19. desember 1975 og kongeleg resolusjon av 12. mai 1995. Jf. konsesjonslova §§ 2 og 21, odelsslova §§ 27 a, 29 og 31 og jordlova § 3. Forskriftene er gitt med heimel i § 21 i konsesjonslova, jf. kongeleg resolusjon av 13. desember 1974 og § 3 i jordlova, jf. kongeleg resolusjon av 12. mai 1995.)

Kapittel 1. Delegasjon til kommunen

§ 1-1 (om når kommunen kan ta avgjerd)

Kommunen får fullmakt til å ta avgjerd om søknader som gjeld:

- 1) konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4 første ledd nr. 1 og 25 første ledd nr. 1.
- 2) konsesjon på ei enkelt bustadtomt eller tomt for fritidsbustad som det ikkje er bygd på jf. konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1, dersom tomte ikkje er større enn 2 dekar.
- 3) konsesjon på eigedom der konsesjonsfridomen er avgrensa eller sett ut av kraft med heimel i konsesjonslova § 5 tredje ledd. Dette gjeld og kommunar der det er innført forskrift etter § 5 tredje ledd slik paragrafen var før lovendringa av 3. juni 1983.
- 4) konsesjon på utbyggingskontrakter som nemnt i konsesjonslova § 3.
- 5) konsesjon på eigedom som går inn under unntaket i konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 og 2, men der utanlandsbuande må ha konsesjon, jf. konsesjonslova § 5a.
- 6) fritak frå bu- og driveplikta for inntil 5 år etter odelsslova § 27a og konsesjonslova § 6 andre ledd. Det er eit vilkår at det ikkje er gitt slik utsetjing tidlegare.
- 7) omdisponering og frådeling etter §§ 9 og 12 i jordlova av enkelttomter ikkje over 2 dekar som det ikkje er bygd på.
- 8) omdisponering og frådeling etter §§ 9 og 12 i jordlova av areal som grensar til og skal leggjast til tidlegare frådelt tomt med eller utan bygningar, inntil tomt og tilleggstomt til saman er 2 dekar.
- 9) frådeling etter § 12 i jordlova av tomter ikkje over 2 dekar som det er bygd på. Unntatt frå dette er våningshus, kårhus og driftsbygningar.
- 10) frådeling etter § 12 i jordlova av eigedomen sine bygningar med tomt inntil 5 dekar dersom det ligg føre avtale om sal av restarealet som tilleggsgjord.
- 11) omdisponering av dyrka jord etter § 9 i jordlova til skogsmark for areal ikkje over 50 dekar.
- 12) fordeling av eigedomar som staten har teke over ved friviljug sal og forkjøp i samsvar med reglane i jordlova.

Kommunen kan likevel ikkje ta avgjerd i saker der kommunen er eigar eller overdragar av eigedomen, eller har annan tilknytning til han. I slike høve skal saka sendast til avgjerd hos klageorganet etter vanleg førebuing, jf. § 1-2.

§ 1-2 (om kommunen si saksførebuing m.v.)

I alle saker etter jordlov, konsesjonslov og odelslov har kommunen ansvaret for å hente inn naudsynte opplysningar og tilretteleggje saka. Saker etter jordlova og odelslova samt saker etter konsesjonslova som gjeld landbrukseigedom skal leggjast om den i kommunen som har landbruksfagleg kompetanse til uttale, jf. jordlova § 4. Dersom kommunen ikkje sjølv er tillagt avgjerdsmyndigheit, skal kommunen gi tilråding om avgjerd av saka.

Kommunen må hente inn dei statistiske opplysningar departementet ber om.

I arbeidet med saksførebuing og innhenting av statistikk skal kommunen nytte dei edb-system Landbruksdepartementet stiller til rådvelde.

Kapittel 2. Delegasjon til fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen

§ 2-1 (om når fylkeslandbruksstyret kan ta avgjerd)

Fylkeslandbruksstyret får fullmakt til å ta avgjerd i saker som gjeld :

- 1) vedtak om oreigning m.m. etter § 8 femte ledd og § 13 jf. § 15 i jordlova.
- 2) vedtak om avløyning av bruksrettar m.m. etter § 16 i jordlova.
- 3) pålegg om tiltak for dyrka jord etter § 8 tredje og fjerde ledd i jordlova.
- 4) vedtak om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter § 9 i jordlova der kommunen ikkje kan ta avgjerd.
- 5) vedtak om deling etter § 12 i jordlova der kommunen ikkje kan ta avgjerd.
- 6) spørsmålet om ein eigedom med fleire registernemningar må reknast som ei driftseining etter § 12 fjerde ledd i jordlova.
- 7) søknad om konsesjon på eigedom der kommunen ikkje kan ta avgjerd.
- 8) bruk av staten sin forkjopsrett. Dette gjeld ikkje saker der føremålet med forkjøpet er å tilgodesjå naturvern- og friluftsføremål.
- 9) unntak frå bu- og driveplikta heilt ut eller for ei viss tid etter odelslova § 27 a og konsesjonslova § 6, andre ledd der kommunen ikkje kan ta avgjerd.
- 10) pålegg om å søke konsesjon etter odelslova § 29, andre ledd og konsesjonslova § 20, tredje ledd, andre alternativ.
- 11) odelsfrigjering etter odelslova § 31.
- 12) å krevja vederlaget fastsett ved skjønn etter konsesjonslova § 14 andre ledd første punktum.

§ 2-2 (om når fylkesmannen kan ta avgjerd)

Fylkesmannen får fullmakt til å gjere vedtak om å krevja fjerna anlegg eller byggverk etter jordlova § 9 femte ledd.

Fylkesmannen kan avgjere at dei formelle vilkåra for odelsfrigjering etter odelslova § 31 ligg føre.

Kapittel 3. Klage

§ 3-1 (om klage til fylkesmannen)

Kommunen sine avgjerder etter § 1-1 nr. 1, 2, 4 og 5 kan klagast inn for fylkesmannen.

§ 3-2 (om klage til fylkeslandbruksstyret)

Kommunen sine avgjerder etter § 1-1 nr. 6 til 12 kan klagast inn for fylkeslandbruksstyret.

§ 3-3 (om klage til Statens Landbruksbank)

Fylkeslandbruksstyret sine avgjerder etter § 2-1 nr. 5 kan klagast inn for Statens Landbruksbank dersom saka gjeld deling av eigedom slik at tomt med våningshus, kårhus og driftsbygning vert skilt frå landbruksareala. I samband med dette kan Landbruksbanken og treffe avgjerd etter § 9 i jordlova.

§ 3-4 (om klage til departementet)

Kommunen si avgjerd etter § 1-1 nr. 3 kan klagast til departementet.

Fylkesmannen sine avgjerder etter § 2-2 første ledd kan klagast inn for departementet.

Fylkeslandbruksstyret sine avgjerder etter §§ 2-1 nr. 1 til 11 kan klagast inn for departementet så langt Statens Landbruksbank ikkje kan ta avgjerd.

Kapittel 4. Intern arbeidsdeling mellom fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen

§ 4-3 (om arbeidsdeling mellom fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen)

Fylkeslandbruksstyret kan overlate til fylkesmannen å ta avgjerd og gi fråsegn på vegne av styret.

Fylkesmannen kan og i andre saker der styret har uttalemyndigheit ekspedere saka vidare utan at ho er lagt fram for styret. Vilkåra for dette er at det ligg føre særlege omsyn som inneber at saka bør handsamast raskt og at fylkesmannen ikkje er i tvil om at han bør handsame saka. Slike saker skal refererast på første møte i fylkeslandbruksstyret.

Kapittel 5. Retningslinjer

§ 5-1 (om retningslinjer)

Landbruksdepartementet kan fastsetje retningslinjer for kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen og Statens Landbruksbank si utøving av myndigheit etter desse føresegnene.

Kapittel 6. Ikraftsetjing. Oppheving av tidlegare føresegner

§ 6-1 (ikraftsetjing)

Desse føresegnene vert sett i kraft 1. juli 1995.

§ 6-2 (oppheving)

Forskrift 29. desember 1993 om delegasjon til kommunen og fylkeslandbruksstyret og om saksbehandling i kommunen og om intern arbeidsdeling mellom fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen i saker etter lov av 18. mars 1955 nr. 2 om tilskiping av jordbruk (jordlova), lov av 31. mai 1974 nr. 19 (konsesjonslova) og lov av 28. juni 1974 nr. 58 (odelslova) med endringar av 23. desember 1994 og 3. februar 1995 vert oppheva.

Vedlegg 4

FORSKRIFT OM REGISTRERING AV DYRKA JORD SOM ER VANHEVDA ELLER LIGGER UNYTТА

(Fastsatt av Landbruksdepartementet 6. juni 1995 jf. kongelig resolusjon av 12. mai 1995, med hjemmel i § 3 i jordlova av 12. mai 1995 nr. 23.)

§ 1 (formål)

Registrering etter disse forskrifter har som formål å gi oversikt over vanhevda og unytta dyrka jord som grunnlag for eventuelle tiltak etter jordloven § 8.

§ 2 (registrering)

Kommunen skal så langt råd er registrere all dyrka jord som er vanhevda eller ligger unytta. Gode jordbruksarealer i områder med aktiv drift skal prioriteres høyest.

§ 3 (registreringens innhold)

Registreringen av vanhevda og unytta dyrka jord skal kartfestes. Kommunen skal i forbindelse med registreringen gi opplysninger om eiendommen;

- beliggenhet
- areal
- bebyggelse
- driftsforhold.

Kommunen skal også gi opplysninger om det vanhevda og unytta arealet;

- årsak til vanhevd eller til at arealet er ute av drift
- drivverdighet som jordbruksareal
- egnethet for annen utnytting
- kulturlandskapsinteresser.

§ 4 (ikrafttredelse)

Forskriften trer i kraft 1. juli 1995.